ALVER
KOMMUNE

Alver kommune, Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: 8c0b7962-273d-467c-88ef-94035549e081 | Linda Hammersvik Folkestad | 19.04.2023 |
| Vår: 23/2696 - 23/29775 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Uttale søknad om avkøyrsle frå kommunal veg - Gbnr 188/57 Gjervik ytre

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til oversendt brev datert 27.03.2023. Avkøyrsle frå kommunal veg er regulert i plan for Knarvik senter planid. 1263-201002.

Frå kommunal veg går det ei privat fellesveg (PV97266) ned til Gbnr 188/57. Det er denne vegen som vedlagt situasjonsplan viser avkøyrsle frå. Byggesak er vedtaksmynde for avkøyrsler som er regulert inn i ei reguleringsplan. Vi vil derfor gje ei uttale i saka.


*Utsnitt av regulert avkøyrsle*



*Utsnitt som viser privat veg*



*Utsnitt som viser ny avkøyrsle frå privat veg*

Ansvarleg søkjar har den 19.04.2023 vore i kontakt med Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning vedkomande avkøyrsle. Vi har gitt tilbakemelding om at vi vil gje ei uttale til byggesak som vil fatte vedtak i saka.

Fritidsbustad som skal rivast er knytt på kommunalt vatn og avløp. Da det skal byggast ei ny einebustad på tomta skal vi ha inn rørleggarmelding. Endringa frå fritidsbustad til bustad vil medføre ei vesentleg endring av vassforbruk. Vesentleg endring i vassforbruk er søknadspliktig.

.

Ansvarleg søkjar har opplyst om at tiltakshavar skal legge opp vatn og avløp til utleigedel i underetasjen. Dersom tiltakshavar, på sikt, skal etablere utleigedel bør ein også legge til rette parkeringsareal for 2 bueiningar.

Før ein kan knytte utleigedel på kommunalt vatn og avløp skal rørleggarmelding være godkjent. Det vil da bli fakturert tilknytingsgebyr for bueining nr. 2.

Det skal også søkast om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle frå kommunal veg for bueining nr. 2.

**Uttale avkøyrsle frå kommunal veg:**
Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje utvida bruk av eksisterande avkøyrsle frå kommunal veg for bustadhus med 1 bueining på vilkår:

- Avkøyrsle skal være opparbeida ihht til reguleringsplan.

- Avkøyrsle skal elles være opparbeida slik at tekniske krav til avkøyrsle frå offentleg veg vert stetta. Tekniske krav til avkøyrsler er gitt i Veglov, Vegnormal N100 og i forskrift om alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkøyrsler frå offentleg veg.

- Avkøyrsla sin siktsone skal, til ein kvar tid, haldast ved like av dei som nyttar avkøyrsla som tilkomstveg til sin eigedom. Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå.

**Merknad til avkøyrsle frå privat veg:**

- Avkøyrsle frå privat veg bør stette dei same krava som for avkøyrsle frå kommunal veg. Privat veg er ei del av eit gangvegsystem som binder byggefelta saman.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alver kommune, Plan og byggesak | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |